



Alver kommune  
Havnevegen 41 A  
5918 FREKHAUG

Saksbehandlar, innvalstelefon

Hege Brekke Hellesøe, 5557 2352

## Uttale - Alver - 58/177 - Lygre Indre - riving og oppføring av bustad - dispensasjon

Vi viser til brev frå kommunen datert 03.04.2020. Saka gjeld søknad om riving av eldre bustad, riving av løa, oppføring av ny bustad med vegtilkomst på same stad som løa stod før på gbnr 58/177. Tiltaket krev dispensasjon frå planføremål LNF og dispensasjon frå byggjegrænse mot fylkesveg.

### Fylkesmannen si vurdering

Kommunen kan berre dispensere dersom omsynet bak det formålet området er sett av til i arealdelen av kommuneplanen og plan- og bygningslova sine føresegner ikkje vert vesentleg tilsidesette. I tillegg må fordelane ved å gi dispensasjon vere klart større enn ulempene, jf. plan- og bygningslova (pbl.) § 19-2 andre ledd.

Vi viser til at arealdelen av kommuneplanen har vore gjennom ein omfattande prosess, og er vedteken av kommunestyret. Det skal såleis ikkje vere kurant å gjera unntak frå gjeldande plan. Ut ifrå omsynet til offentlegheit, samråd og medverknad i prosessen er det viktig at endringar ikkje skjer ved dispensasjonar, men at endringane vert handsama etter reglane om kommuneplanlegging og reguleringsplanlegging, jf. Ot. prp. 32 (2007-08) s. 242.

Fylkesmannen har i utgangspunktet ikkje vesentlege merknader til riving og nybygg av bustad, men vi vurderer ny tilkomstveg som meir uheldig for landbruket enn eksisterande veg. Etter det vi kan sjå så vil ny tilkomstveg gå over overflatedyrka mark. Veggen vil både omdisponere og splitte opp dyrka mark. Fylkesmannen meiner dette er uheldig. Kommunen må vurdere både omdisponering av dyrka mark og moglege driftsulempar i vidare sakshandsaming.

Fylkesmannen ber om å få eit eventuelt positivt vedtak til klagevurdering.

Med helsing

Egil Hauge  
seksjonsleiar

Hege Brekke Hellesøe  
seniorrådgjevar



*Dokumentet er elektronisk godkjent*